



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 21.09.20.

### Møtebok Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 17.09.20.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim, Toril Lange og sokneprest Andreas Ester. Anna Sofia Høvik møtte ikkje.

### Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

### Sakliste

#### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

#### Godkjenning av referat frå møtet 18.06.20.

Det var ingen merknad til referat frå møtet 20.02.20.

#### Sidan sist.

Soknerådsmedlemmane tok ein gjennomgang på kva kyrkjelege hendingar som har funne stad i soknet/nabo sokna den siste tida: Det har funne stad friluftsgudsteneste på Vadheimsstølen 23.08., og det har i september månad vore avvikla både konfirmasjonspresentasjonar og konfirmasjonar i kyrkjer i kommunen.

#### Postlista.

Sturla Bell Fossen delte ut ei oversikt over postlista. Soknerådsmedlemmane gjekk saman igjennom denne.

#### Årshjulet.

Soknerådsmedlemmane gjekk i fellesskap gjennom årshjulet.

#### Soknepresten har ordet.

Soknepresten fortalte om konseptet sitt «gladgudsteneste» - ei modernisert form for gudsteneste der soknepresten ynskjer å tenke meir «nyskapande» i høve gudstenesta sitt innhald. Målgruppa for arbeidet vil vere spesielt 20-40-åringar. Soknepresten har med seg blant anna Gerda Otterstein, Ole Odland Merkesvik og Heike Muller i dette arbeidet.

### Meldingssaker:

#### 000018 Trusopplæring i sokna våre – orientering v/Toril Lange.

Toril Lange orienterte om sitt arbeid med generell trusopplæring i sokna i Høyanger kommune – i kraft av si stilling som kyrkjelydspedagog for Høyanger kommune. Lange fortalte om kronologien i trusopplæringa, frå dåp til vaksen alder/18 år; t.d. utdeling av 4-års bok, samling for 6-åringar, utdeling av bibel til 10-åringar, tårnagent-arrangementet, minikonfirmant-

arrangementet, konfirmasjon og liknande. I dei seinare år sa Lange at trusopplæringa hadde møtt på visse utfordringar i sokna våre. T.d. i Vadheim sokn der barnetalet har vore spesielt synkande, hadde arbeidet i høve trusopplæring vore vanskeleg.

Det vart vidare diskusjon kring korleis ein kan avvikle tårnagent-arrangementet best mogeleg. Lange sa at erfaringar frå tidlegare år var at det var best å slå saman fleire årskull/klassesteg, for å sikre mange nok barn til arrangementa. Det vart konkludert med at 2-6 steget skulle utgjere målgruppa for tårnagent-arrangementet 2021 i Kyrkjebø sokn. Soknerådet bestemte også at tårnagenthelga skulle avviklast 2. helga i februar 2021. Då det gjaldt minikonfirmant-arrangementet, valte ein her 4, 5 og 6 steget som målgruppe, og at dette arrangementet – tradisjonen tru - skulle munne ut i ein minikonfirmant-weekend på Alværa Misjonscenter ei helg etter påske 2021. Lange sa at ho ville trenge medhjelparar til både tårnagent-arrangementet og minikonfirmant-weekenden, samt dei 4 minikonfirmantsamlingane i forkant av weekenden. Dei 4 minikonfirmantsamlingane tenkte Lange at skulle avviklast ut på nyåret 2021 på Kyrkjebø skule, 1 dag annankvar veke frå kl.14.00.-16.00. Det var fleire av soknerådsmedlemmane som var positive til å hjelpe til under begge desse arrangementa.

Lange fortalte vidare at ho i framtida ynskter å dele ut ein teikneseriebibel til 5 steget. Dette såg fleire av soknerådsmedlemmane på som nytenkande og positivt.

**000019 Høyring om økonomiforvaltninga- vidare handsaming.**

Sturla Bell Fossen føreslo at Kyrkjebø sokneråd ikkje lagar uttale til ny økonomiforvaltning. Det var semje i soknerådet kring Fossen sitt forslag.

**000020 Orientering om utleige av Kyrkjebø kyrkje.**

Organisasjonar i bygda ( Kyrkjebø skule- og ungdomskorps og Kyrkjebø ungdomslag songkor) ynskter tidlegare å leige Kyrkjebø kyrkje som øvingslokale. Dette grunna Kyrkjebø skule sine covid-19 smittevernrestriksjonar og påfølgjande stenging av skulen som samfunnshusdel. Pr. i dag har skulen oppheva restriksjonane sine, og organisasjonane sine ynskjer om leige av kyrkja har som følgje av dette falle vekk.

**000021 Medarbeidarsamling – avslutning for Runar.**

Kari Henny Dale og Sturla Bell Fossen har arbeidd vidare med saka «medarbeidarsamling – avslutning for Runar». Planen for samlinga/avslutninga er pr. no som følgjer: Arrangementet skal finne stad på Alværa Misjonscenter søndag den 08.11.20. kl. 14.00. Planlegginga held fram som skissert i møtet, og soknerådsleiaren føretek naudsynte avklaringar med Høyanger sokneråd.

**000022 Tilbakemelding på biskopen sine utfordringar.**

Biskopen ynskter tilbakemelding frå sokna om korleis det hadde gått i høve tidlegare skisserte utfordringar. Andreas Ester, Sturla Bell Fossen og May-Wenche Fossmark vil lage eit utkast til svarbrev til biskopen, som soknerådsmedlemmane skal sjå vidare på i neste soknerådsmøte.

**Vedtakssaker:**

**Sak 0019/20 Gudstenestelista resten av 2020.**

*Vedtak:* Soknerådet ynskjer å gjennomføre gudstenestelista slik som den ligg føre.

**Sak 0020/20 Kyrkjevertar resten av 2020.**

*Vedtak:* Soknerådsmedlemmane stiller som kyrkjevertar etter tur i dei kommande gudstenestene ut 2020. For nærare info. sjå oppdatert årshjul for 2020.

**Sak 0021/20 Felles § 9 møte med sokneråda.**

Vedtak: *Kyrkjebø sokneråd støttar framlegget til Høyanger kyrkjelege fellesråd som lyder som følgjande: «Høyanger kyrkjelege fellesråd går inn for at § 9 møter i framtida vert avvikla som felles møter, med dei kyrkjelege tilsette og prestane til stades».*

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær